



Bkk Nett AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8086 - 21/68727

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
19.11.2021

## **Mellombels dispensasjon for plassering av ny nettstasjon og svar på førelegging av nettstasjon - gbnr 188/257 Gjervik ytre**

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1087/21  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå områdeplanen for Knarvik for ny plassering av nettstasjon slik det går fram av situasjonsplan datert 24.08.2021.**

**Dispensasjonen er mellombels. Søkjar må ved pålegg, utan utgift for kommunen, fjerna eller endra det utførte tiltaket, eller opphøyra mellombels tillaten bruk, og viss kravd gjenoppretta tidlegare tilstand, jf. plan- og bygningslova § 19-3.**

**Ut over dette har Alver kommune ingen merknader til førelegginga av anlegget.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### **Saksutgreiing**


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå områdeplanen for Knarvik Sentrum for ny plassering av nettstasjon som i dag er plassert ved Knarvik Eldrebustadar (NS 20072). Arbeidet er nødvendig då eksisterande nettstasjon kjem i konflikt med etableringa av oval rundkøyring og tilhøyrande veganlegg gjennom Knarvik Sentrum. Ny nettstasjon skal etablerast som frittstående bygg ca 15 meter lenger aust på eigeienden. Alver kommune er grunneigar.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 20.09.2021.

## Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.09.2021 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato.


## Situasjonsplan



## Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdeplanen for Knarvik, planid 1263-201002, i hovudsak er avsett til offentlig og privat tenesteyting, o\_BIN1. Ein mindre del av nettsasjonen vert plassert på areal avsett til køyreveg o\_SKV21. Nettsasjonen er plassert delvis innanfor regulert byggegrense.

## Utsnitt områdereguleringsplan



## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet køyreveg, o\_SKV21, regulert byggegrense og føresegn 3.1.18 til planen som seier at nettstasjonar skal byggjast som ein integrert del av bygg.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

*«I samband med bygging av oval rundkøyring i Knarvik må eksisterande nettstasjon NS 20072 Knarvik Eldrebustader flyttast. Det er i arbeidet med tilførselsvegen til rundkøyringa frå Nordhordlandshallen/senteret det blir konflikt. Statens vegvesen må grave heilt inntil veggen på nettstasjonen og er redd fundamentet skal rase ut. Dei har derfor bestilt flytting av nettstasjonen.*

*Arbeidet deira er i tråd med gjeldande reguleringsplan 12063-201702. Det er Alver kommune som er grunneigar for noverande plassering og framtidig plassering. Vegvesenet, Alver Kommune og BKK Nett har vurdert flyttinga på felles synfaring der det var semje om ny plassering. Eksisterande nettstasjon forsyner i dag deler av Knarvik sjukeheim, eldrebustadene, Knarvik terminal og det gamle røde Kors bygget/legekontoret. For å kunne oppretthalde lovpålagte krav til kvalitet på straum å spenning hjå den enkelte kunde, er det begrensingar i kor lang nettstasjonen kan flyttast.*

*Ny plassering av nettstasjonen blir på Gnr. 188, bnr. 257 i reguleringsplan nr. 1263-201002 Områdeplan Knarvik senter i området o-BIN1. Her er det i dag planlagt ei utviding av parkeringsplassen og nettstasjonen blir plassert på den inn mor skråninga opp til sjukeheimen. Nettstasjonen får dermed ein mindre dominerande plassering enn kva dagens plassering er.*

*I områdeplanen sine føresegn pkt. 3.1.18 som omhandlar blant anna nettstasjonar står det: «Nettstasjonar skal byggjast som ein integrert del av bygg.» BKK Nett har i dag ei velfungerande plassering av nettstasjonen som frittstående nettstasjon. Det er vedteken områdeplan som forårsakar behovet for flytting. Det er ingen bygg som er under oppføring og som nettstasjonen kan flyttast inn i. Slik me ser det fint det inga anna løysing enn å etablere ein ny prefabrikkert nettstasjon.*

*BKK Nett søker med dette om dispensasjon frå arealdelen i områdeplan Knarvik senter for ny plassering av nettstasjon vist på vedlagte kart: 360340 – kart plassering nettstasjon.*

*Det blei sendt nabovarsel i samsvar med kvittering for nabovarsel den 30.08.2021. Det er pr. 17.09.2021 ikkje komme inn merknader til tiltaket.*

Argumenter for dispensasjon:

- *Straumforsyning er ein del av offentleg infrastruktur. Nye områdeplanar/ reguleringsplanar må ha opning for å ivareta eksisterande infrastruktur når det er den nye planen som krev endringa.*
- *I planomtalen pkt. 10.9 er moglegheitene for plassering utvida frå føresegnene. Teksten her er: «nettstasjonar skal integrerast i bygg eller uteområdet». Den nye plasseringa av nettstasjonen er inn mot ein skråning. Nettstasjonen blir såleis meir tilbaketrukket og ikkje så dominerande som den er i dag. Noko som er i tråd med områdeplanen.*

- Under arbeidet med vegen skal det gravast heilt inntil eksisterande nettstasjon. Vegvesenet ser det som vanskeleg å sikre seg mot at fundamentet for nettstasjonen rasar ut. Det at nettstasjonen forsyner både eldrebustadene og deler av sjukeheimen gjer at det er viktig å ha god kontroll på arbeidet for å unngå straumstans som ikkje er planlagt og tilrettelagt for.
- Nettstasjonen er eit lite bygg i denne samanheng (2,3x3,3m) og vil såleis ikkje vera til hinder for at området blir brukt slik det er tenkt til likevel.
- Foreslått, ny plassering av nettstasjon er det som Alver kommune v/Atle Dingen er til minst hinder for gjennomføring av Områdeplanen for Knarvik senter.
- BKK Nett pålagt å oppretthalde straumforsyning til eksisterande kundar og levere innafør gjeldande krav til kvalitet på straum og spenning. For å klare å overhalde dei krava betyr avstand til kundane mykje. Kundar med store uttak, må ligge nærare nettstasjonen enn kundar med små uttak. Nettstasjonen kan derfor ikkje flyttast langt vekk uansett retning for å klare å oppretthalde leveringsbetingelsane.»

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.08.2021. Situasjonsplanen viser eksisterande og ny plassering av nettstasjon og kabeltrasear.

### **Veg, vatn og avløp**

Tiltaket krev ikkje løysing for vatn og avløp.

Det vert lagt til grunn at tilkomst til ny nettstasjon vert løyst gjennom eksisterande infrastruktur.

### **VURDERING:**

#### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vera oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verta vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale ramar, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra.

Kommunen kan gje mellombels dispensasjon på tidsbestemt og på ubestemt tid, jf. plan- og bygningslova § 19-3. Ved utløp av dispensasjonstida eller ved pålegg, må søkjar utan utgift for kommunen fjerna eller endra det utførte tiltaket eller opphøyra mellombels tillaten bruk.

Den nye nettstasjonen vil verta plassert dels over areal som er avsett til køyreveg og dels i strid med regulert byggegrense. I tillegg fastset planen at nettstasjonar skal etablerast som integrert del av bygg.

Endra plassering av eksisterande nettstasjon er nødvendig for å realisera ny rundkøyring og veganlegg gjennom Knarvik Sentrum som regulert gjennom områdereguleringsplanen og reguleringsplanen for oval rundkøyring.

Områdeplanen for Knarvik Sentrum inneber omfattande endringar i forhold til dagens situasjon og har eit transformasjonsvindauga på om lag 40 år. Som eit ledd i arbeidet med realisering av planen vil det vera nødvendig å akseptera mellombelse løysingar for mellom anna infrastruktur.

Det er kommunen si vurdering at ny frittståande plassering av nettstasjonen slik det er søkt om vil kunne godkjennast som ei mellombels løysing. Det er i vurderinga lagt vekt på at ny plassering av nettstasjonen er nødvendig for å realisera nytt veganlegg slik planen legg opp til og samstundes sikra tilfredsstillande straumforsyning til området. Det er begrensingar i kor langt nettstasjonen kan flyttast for å kunne oppretthalda lovpålagte krav til kvalitet på straum og spenning hos den enkelte kunde. Det er heller ikkje bygg som nettstasjonen kan etablerast i.

Når det gjeld plassering av nettstasjonen delvis i strid med regulert køyreveg finn ein å kunne godkjenne denne då o\_SKV21 ikkje er del av veganlegget som er under arbeid og det heller ikkje er konkrete planar om realisering av denne. Etablering av nettstasjon i strid med den regulerte byggegrensa vil heller ikkje koma i konflikt med eksisterande tiltak eller bruk av området i dag.

Det er kommunen si vurdering at ny plassering av nettstasjonen ikkje vil setja områdeplanen vesentleg til side verken når det gjeld arealføremål, byggegrense eller føresegna om at nettstasjonar skal plasserast som integrert del av byggverk, dersom det vert gitt mellombels dispensasjon på vilkår av at nettstasjonen vert flytta inn i bygg ved realisering av nye bygg på området, vert flytta ved realisering av køyreveg o\_SKV21 eller ved konflikt med framtidig utbygging av området o\_BIN1.

I vurderinga av fordelar og ulemper er det lagt særleg vekt på at plasseringa er nødvendig for å realisera veganlegg i samsvar med vedteken reguleringsplan og sikra nødvendig straumforsyning til området. At tiltaket i strid med gjeldande plan både regulert køyreveg, byggegrense og føresegna om at nettstasjonar skal plasserast i bygg kan gje ulemper i forhold til framtidig realisering av områdeplanen. Det vert derfor sett vilkår om at dispensasjonen er mellombels.

Etter ei konkret og samla vurdering finn vi at omsynet bak områdereguleringsplanen ikkje vert vesenteleg sett til side ved å gje mellombels dispensasjon for ny plassering av nettstasjon slik det er søkt om. Vi vurderer at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje mellombels dispensasjon frå områdereguleringsplanen for ny plassering av nettstasjon når det vert sett vilkår slik det går fram av vurderinga.

## Forelegginga

Forelegginga gjeld etablering av el-anlegg innafør ramma av områdekonsesjon. I tillegg til etablering av ny nettstasjon er det ca 200 meter kabelgrøft som skal leggjast om.

Med gitt dispensasjon slik det går fram av dette vedtaket er tiltaket vurdert å vera i samsvar med plangrunnlaget. Kommunen legg til grunn at nødvendige privatrettslege forhold er avklart og at nødvendig avklaring vert gjort med kommunen si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning i forhold til omlegging av kabeltrasear. Vi har elles ingen merknadar til førelegginga.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggt teknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8086

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart plassering NS  
178-0710-03A Målskisse Oslo 1800

**Kopi til:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
---------------	------------	------	----------

**Mottakarar:**

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
-------------	---------------	------	--------